

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

### Sak 10/2020 Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen 2019 for Lærdal kommune

<b>Sakshandsamar</b> Richard Nesheim	<b>Møtedato</b> 27.04.2020	<b>Sak nr</b> 10/2020
---	-------------------------------	--------------------------

#### KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Kontrollutvalet vedtek fråsegn til årsrekneskapen for 2019 for Lærdal kommune slik den ligg føre. Fråsegna vert sendt over til kommunestyret, med kopi til formannskapet.

#### VEDLEGG:

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1	27.4.20	Kontrollutvalet	Fråsegn frå kontrollutvalet, rekneskap, årsmelding og revisjonsmelding (utkast).
2	31.3.20	Lærdal kommune	Årsmelding 2019
3	31.3.20	Lærdal kommune	Rekneskap 2019
4	20.4.20	KPMG	Melding frå revisor

#### BAKGRUNN

I samsvar med kommunelova og forskrift om kontrollutval kap. 1 § 3 skal kontrollutvalet gje ein uttale til kommunerekneskapen. Uttalen skal sendast til kommunestyret, med kopi til formannskapet. Uttalen skal vere formannskapet i hende tidsnok til at formannskapet kan ta omsyn til den før formannskapet gjer innstilling til kommunerekneskapen.

Lærdal kommune har lagt opp til at årsrekneskapen skal handsamast i formannskapet den 4. juni og i kommunestyret den 18. juni.

#### AKTUELLE LOVER, FORSKRIFTER, AVTALER MV.

Kommunelova  
Forskrift om kontrollutval  
Forskrift om revisjon

## SAKSUTGREIING

Sekretariatet mottok kommunen sin årsrekneskap og årsmelding den 6. april. Revisjonsmeldinga var klar 20. april.

Kontrollutvalet si fråsegn til årsrekneskapen for Lærdal kommune er basert på årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019. samt revisjonsmeldinga for 2019.

I fråsegna er det teke omsyn til følgjande punkt:

### Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av inntekter etter at alle utgifter er trekt i frå. I tillegg til inntekter og utgifter vedkomande den ordinære drifta, det vil seie til administrasjon og tenestetilbod, inngår også finansinntekter (renteinntekter, mottatt utbytte og eventuelle kursgevinstar på finansielle omløpsmidlar) og finansutgifter (renteutgifter, avdrag på lån og eventuelle kurstap på finansielle omløpsmidlar) i resultatomgrepet. I tillegg er indikatoren korrigert for avskrivningar slik at desse ikkje gjev resultat effekt. Netto driftsresultat vert brukt som samanlikningsgrunnlag mellom kommunar.

Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsettast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på kommunen sin økonomiske handlefridom. For Lærdal kommune var netto driftsresultat for 2019 **negativt med kr 3 900 165**, ei forverring frå 2018, då netto driftsresultat var **negativt med kr 2 332 287**.

Også i 2017 var driftsresultatet negativt med kr 802 601,

Dei siste tre åra har kommunen hatt ein auke i negativt netto driftsresultat for kvart år.

**Rekneskapsmessig mindreforbruk i 2019 var på kr 6 805 462.** I 2018 var det eit meirforbruk på kr 2 004 187.

Teknisk berekningsutval for kommunal økonomi (TBU), som er nedsett av kommunal- og moderniseringsdepartementet har anbefalt at netto driftsresultat tid bør utgjere minst 1,75% av driftsinntektene. Skal kommunen ha økonomisk handlingsrom og kunne avsetje til investeringar, tiltak som kjem utanom planane og ivareta "formuesbevaringsprinsippet" i kommunelova, bør netto driftsresultat opp på 1,75 % av driftsinntektene over tid

Dei siste åra har det vore slik utvikling i forholdstalet:

2019	2018	2017	2016	2015	2014	2013	2012
-1,42 %	-0,85 %	-0,3 %	2,6% / -0,05 %*	-0,2%	8,3%	-0,9%	0,5%

\* For 2016 nyttar vi både bokførte tal og tal korrigert for inntektsføringa av inntekter knytt til MR-maskina.

**Netto driftsresultat har vore om lag null, eller negativt alle åra sidan 2012.** Resultatet i 2014 var påverka av inntektsføring av ekstraordinære tilskot.

Tabellen viser at kommunen ikkje klarar å få resultat som gjer at ein får noko handlerom i økonomien. Dersom ein i 2019 skulle hatt eit resultat som på nivå med 1,75% av

driftsinntektene måtte netto driftsresultat vere på 4,8 mill. kr. Det vil seie at resultatet måtte ha vore 8,7 mill. kr høgare.

### **Overordna inntekter:**

På eit overordna nivå er kommunen sin økonomi avhengig av utviklinga i skatteinntekter og rammetilskot, kraftprisen og rentenivået.

1. Skatteinntekter og rammetilskot vart samla om lag 2,7 mill. kr betre enn budsjettet.
2. Oppnådd netto inntekt på sal av konsesjonskraft er i følgje årsmeldinga om lag 1,4 mill. kr høgare enn budsjettet. Inntektene er 7,1 mill. kr høgare enn året før og er ei svært positiv endring.
3. Inntektene frå eigedomsskatt er om lag 1,2 mill kr lågare enn budsjettet og om lag 5,3 mill kr lågare enn rekneskapen for 2018. Dette skuldast nedgang i eigedomsskatt på kraftanlegga.

Når det gjeld eigedomsskatt er det vert å merke seg at kommunen i 2018 fakturerte ut 3,0 mill. kr meir i eigedomsskatt til Østfold Energi, enn det som vart inntektsført. Det har vore tvist mellom kommunen og kraftselskapet om denne eigedomsskatten. Lærdal kommune vann saka i Oslo Tingrett, men vil vente med å inntektsføre desse tre millionane til saka er endeleg avgjort.

Når det gjeld netto finansutgifter er desse om lag 2,9 mill. kr høgare enn budsjettet. Det er betalt om lag 0,9 mill. kr meir i renter og betalt om lag 2 mill. kr meir i avdrag enn budsjettet.

Netto finansinntekter er samla om lag 0,8 mill. kr lågare enn budsjettet. Hovudårsaka til dette er at det var teke ut 1,5 mill. kr mindre i utbytteinntekter frå Okken Kraft AS enn budsjettet.

Samla sett medførte dette at resultatet frå netto finanstransaksjonar vart 3,7 mill. kr lågare enn budsjettet.

### **Drifta i kommunen:**

Dei ulike driftseiningane går samla sett med eit mindreforbruk på 2,7 mill. kr i høve til regulert budsjett.

### **Arbeidskapital**

Arbeidskapitalen gir uttrykk for likviditeten i kommunen, det vil seie evna til å betale gjeld ved forfall. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir og fordringar etter frådrag for kortsiktig gjeld. Arbeidskapitalen har gått opp frå 61,4 mill. kr i 2018 til 64,6 mill. kr per 31.12.19.

Når ein ser på arbeidskapitalen er det viktig å ta omsyn til utviklinga i balanseført premieavvik. Bokføring av premieavvik er ei teknisk føring av pensjonskostnadane som fylgje av at kommunane har fått løyve til for å jamne ut pensjonskostnader over tid. For 2019 har premieavviket auka med 3,1 mill. kr og utgjer samla 20,9 mill. kr.

Held ein premieavvik utanom har arbeidskapitalen gått opp frå om lag 43,6 mill. kr per 31.12.18 til om lag 43,7 mill. kr per 31.12.19. Arbeidskapitalen er med andre ord stabil.



## Langsiktig gjeld:

### Låneutvikling

Langsiktig lånegjeld har gått ned med om lag 15,3 mill. kr. Langsiktig lånegjeld utgjør i 2019 om lag 113 % av driftsinntektene, mot 120 % av driftsinntektene i 2018 og 115% av driftsinntektene i 2017. Gjennomsnittet for kommunegruppe 2, som skal vere samanliknbare kommunar er på 105%. Differansen mellom Lærdal kommune og samanliknbare kommunar er minka siste året, det same er differansen mot landssnittet som no er på 110% mot 105% i 2018. Samanlikna med andre kommunar har såleis utviklinga i Lærdal vore positiv siste året, men ein ligg framleis med eit gjeldsnivå som er over både landssnittet og snittet av samanliknbare kommunar.

Kommunen har vedteke ei målsetjing om at lånegjelda maks skal utgjere 50 – 60 % av samla inntekter. Sjølv om utviklinga i lånegjelda har vore positiv siste året, så er lånegjelda høgt over denne målsettinga. Skal målet om at lånegjelda skal utgjere mellom 50 og 60% av inntektene nåast må ein halde investeringsnivået på eit minimum. Med dei investeringar som er gjort dei seinare åra, samt planlagte investeringar, vil ein ikkje nå dette målet på lang tid.

### Pensjonsforpliktingar:

Pensjonsforpliktingane til kommunen har auka. Pensjonsforpliktingane utgjør no 370,5 mill. kr mot 353,4 mill. kr året før. Ein auke på 17,1 mill. kr. Pensjonsmidlane til kommunen har på same tid auka med 12,7 mill. kr til samla 325,1 mill. kr. Netto pensjonsforplikting, det vil seie gjeld knytta til er framtidige pensjonsutbetalingar, er ved utgangen av året såleis på 45,4 mill. kr.

Samla langsiktig gjeld som inkluderer pensjonsforpliktingane utgjorde per 31.12.19 247,7 % av driftsinntektene, mot 248,7 % i 2018.

Oppsummert ser vi at Lærdal kommune ligg over landsgjennomsnittet i høve til langsiktig gjeld og langt over egne interne målsetjingar.

### Budsjettoverskridingar

Dei einingane som har hatt meirforbruk ut over regulert budsjett av noko omfang er:

Tenesteeining	Meirforbruk	Forklaring i årsmeldinga:
Folkevalde organ	0,4 mill. kr	Overforbruket er samansett. Om lag 170.000 kr er på konto for godtgjersle til ordførar/varaordførar . Om lag kr 80.000 gjeld tenestefrikjøp og om lag kr 61.000 gjeld meirforbruk på reiseutgifter. Sjå årsmeldinga side 16
Eigedomsforvaltning	0,4 mill. kr	Dei postane som i størst grad er med på å skape det økonomiske meirforbruket er svikt i leigeinntekter på aldersbustadar og høgare vedlikehaldskostnader enn budsjettert i samband med skifta av brukarar/leigetakarar.
Pleie og omsorg	1,8 mill. kr	Det har vore eit krevjande år innan pleie og omsorg med endring i organisering, uro om turnusarbeid m.v. Dette har vore eit svært høgt sjukefråvær, med tilhøyrande kostnader. Om lag 1 mill. kr av meirforbruket skuldast

		bruk av overtid på grunn av situasjonen. Med utfordringar med å få tak i helsefagleg personell må ein nytte overtid på det personalet ein har tilgjengeleg. Fleire tilsette har valt å slutte, eller har søkt om permisjon. Sjå meir detaljar i årsmeldinga side 39 og 40.
Teknisk drift	0,8 mill. kr	Meirforbruket er i årsmeldinga forklart med meirforbruk i høve til budsjett for brann/ulykkesberedskap med kr 450.000, samt meirforbruk på straumkostnader med kr 778.000 på ansvar 162 teknisk drift. Meirkostnader på desse to områda er forsøkt redusert ved å spare inn på andre kostnader slik at det samla underskotet er på om lag 0,8 mill. kr (noko ulike tal i årsmeldinga side 7 og side 50)

For nærare kommentarar knytt til dei ulike tenesteområda vert det vist til omtale i årsmeldinga. Årsmeldinga kunne på nokre område forklart betre avvik mellom budsjett og rekneskap.

### **Revisjonsmeldinga**

Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019 for Lærdal kommune.

### **Konklusjon:**

Med bakgrunn i denne saksutgreiinga, årsrekneskapen, årsmeldinga og revisjonsmeldinga er det utarbeidd eit utkast til fråsegn til Lærdal kommune sin årsrekneskap for 2019.

## Kontrollutvalet i Lærdal kommune

---

Kommunestyret i Lærdal Kommune

### UTKAST

#### **Fråsegn frå kontrollutvalet: Årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding 2019**

Kontrollutvalet har i møte 27.4.2020 handsama Lærdal kommune sin årsrekneskap for 2019.

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen, rådmannen si årsmelding for 2019 og revisjonsmeldinga, datert 20.4.2020. I tillegg har revisor og rådmann supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar. Revisor har ikkje merknader til årsrekneskapen og årsmeldinga for 2019 for Lærdal kommune.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen for Lærdal kommune viser eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 6 805 462, medan netto driftsresultat er negativt med kr 3 900 165. Kontrollutvalet viser til at teknisk berekningsutval si tilråding er at netto driftsresultat skal utgjere 1,75% av driftsinntektene. Det vil seie at resultatet til kommunen ligg om lag 8,7 mill. kr for lågt i høve til denne tilrådinga.

Kommunen har vedteke ei målsetting om at lånegjelda maks skal utgjere 50-60% av samla inntekter. Kontrollutvalet registerer at lånegjelda ligg langt over dette nivået (113%), men legg samstundes merke til at ein i 2019 har hatt ein utvikling i lånegjelda som går i positiv retning, sett i høve til andel av driftsinntektene. Kommunen har samanlikna med andre kommunar ei høg lånegjeld som gjer att kommunen er utsett for ein auke i rentenivået.

Det er meirforbruk av vesentleg omfang innanfor ansvarsområda Folkevalde organ, Eigedomsforvaltning, Pleie og omsorg og Teknisk drift Det er gjort greie for både positive og negative avvik i årsmeldinga for 2019.

Kontrollutvalet viser til ovannemnde og det som kjem fram i saksframlegget til kontrollutvalet i rekneskapsaka, samt revisjonsmeldinga. Kontrollutvalet har ikkje merknadar til rekneskapen for Lærdal kommune for 2019.

Lærdal, 27. april 2020

Njål Kaardal Golf  
leiar i kontrollutvalet

Kopi til: Formannskapet





# LÆRDAL KOMMUNE

## Rekneskap 2019



Løytnantsbrygga | Lærdal. Foto: Jan Christian Jerving

## Innholdsliste

Økonomisk oversikt drift	s. 3
Økonomisk oversikt investering	s. 4
Rekneskapsskjema 1 A (drift)	s. 5
Rekneskapsskjema 1 B (drift)	s. 6
Rekneskapsskjema 2 A (investering)	s. 7
Rekneskapsskjema 2 B (investering)	s.8
Balanse	s. 9
<b>Notar side 10 - 22</b>	
Note 1 – Prinsippendring/grunnleggjande rekneskapsprinsipp	s. 10
Note 2- endring i arbeidskapital	s. 11
Note 3 – pensjon	s. 12
Note 4 - garantiansvar	s. 13
Note 5 – mellomverande kommunale føretak	s. 13
Note 6 - aksjar	s. 13
Note 7 – fond	s. 14
Note 8 – kapitalkonto	s. 15
Note 9 – konsesjonsavgiftsfondet	s.16
Note 10 – anleggsmiddel	s.17
Note 11 – langsiktig gjeld og avdrag	s. 18
Note 12 – sjølvkost VAR – området	s. 19
Note 13 – ytingar til leiande personar og revisor	s. 20
Note 14 – forklaring av lønsutgifter	s. 20
Note 15 – forklaring rekneskapspostar	s.21
Note 16 – rekneskapsprinsipp, note 17 - organisering	s.22
Note 18 – samla ekstern gjeldsforplikting	s.22
Note 19 – investeringsprosjekt	s.22
Note 20 – sal a v kraft, note 21- tap på krav, note 22 – ressurskrevande brukarar	s.22
Note 23 – brannkatastrofe, note 24 Ljøsne skule, note 25 MR – maskin, note 26 - omstillingsmidlar	s.23
Note 27 – eigedomsskatt, note 28 – avdrag på lån	s.23





# Økonomisk oversikt - drift

1 LÆRDAL KOMMUNE - 2019

06.03.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Driftsinntekter</b>				
Brukerbetalinger	11.903.689,60	10.569.000,00	10.569.000,00	11.511.246,56
Andre salgs- og leieinntekter	19.864.439,87	17.713.500,00	17.713.500,00	18.568.560,06
Overføringer med krav til motytelse	53.238.829,14	43.833.586,04	43.833.586,04	53.314.647,76
Rammetilskudd	71.673.000,00	71.964.000,00	71.964.000,00	68.117.000,47
Andre statlige overføringer	9.214.889,00	4.640.600,00	4.640.600,00	10.556.373,42
Andre overføringer	14.642.399,04	12.700.000,00	12.700.000,00	12.138.759,00
Skatt på inntekt og formue	61.259.310,36	58.295.000,00	58.295.000,00	61.515.061,81
Eiendomsskatt	11.845.111,17	13.000.000,00	13.000.000,00	17.107.971,26
Andre direkte og indirekte skatter	21.769.380,00	21.002.000,00	21.002.000,00	20.692.681,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>275.411.048,18</b>	<b>253.717.686,04</b>	<b>253.717.686,04</b>	<b>273.522.301,34</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
Lønnsutgifter	143.225.700,86	139.889.803,00	139.909.803,00	142.845.862,07
Sosiale utgifter	33.395.982,30	35.985.197,00	35.985.197,00	32.932.665,30
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	40.262.906,16	33.659.589,39	33.659.589,39	40.737.438,84
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	18.721.585,90	17.168.100,00	17.168.100,00	22.105.888,43
Overføringer	29.255.154,29	20.316.086,04	20.296.086,04	20.776.318,15
Avskrivninger	17.242.235,22	17.242.235,00	17.242.235,00	14.575.748,00
Fordelte utgifter	-70.252,00	-413.000,00	-413.000,00	-66.096,00
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>282.033.312,73</b>	<b>263.848.010,43</b>	<b>263.848.010,43</b>	<b>273.907.824,79</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-6.622.264,55</b>	<b>-10.130.324,39</b>	<b>-10.130.324,39</b>	<b>-385.523,45</b>
<b>Finansinntekter</b>				
Renteinntekter og utbytte	6.295.489,55	7.050.000,00	7.050.000,00	962.062,19
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	98.654,00	100.000,00	100.000,00	70.261,37
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>6.394.143,55</b>	<b>7.150.000,00</b>	<b>7.150.000,00</b>	<b>1.032.323,56</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter og låneomkostninger	6.924.985,14	6.000.000,00	6.000.000,00	5.766.305,25
Tap på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån	13.889.294,00	12.000.000,00	12.000.000,00	11.665.554,00
Utlån	100.000,00	0,00	0,00	122.976,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>20.914.279,14</b>	<b>18.000.000,00</b>	<b>18.000.000,00</b>	<b>17.554.835,25</b>
<b>Resultat eksterne finansransaksjoner</b>	<b>-14.520.135,59</b>	<b>-10.850.000,00</b>	<b>-10.850.000,00</b>	<b>-16.522.511,69</b>
Motpost avskrivninger	17.242.235,22	17.242.235,00	17.242.235,00	14.575.748,00
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>-3.900.164,92</b>	<b>-3.738.089,39</b>	<b>-3.738.089,39</b>	<b>-2.332.287,14</b>
<b>Interne finansransaksjoner</b>				
Bruk av tidligere års regnsk.m. mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	2.397.376,85	2.397.376,85	393.189,39	1.022.100,68
Bruk av bundne fond	27.910.584,49	17.736.400,00	17.736.400,00	20.442.935,67
<b>Sum bruk av avsetninger</b>	<b>30.307.961,34</b>	<b>20.133.776,85</b>	<b>18.129.589,39</b>	<b>21.465.036,35</b>
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Dekning av tidligere års regnsk.m. merforbruk	2.004.187,46	2.004.187,46	0,00	444.600,68
Avsatt til disposisjonsfond	3.234.400,00	3.234.400,00	3.234.400,00	0,00
Avsatt til bundne fond	14.363.746,54	11.157.100,00	11.157.100,00	20.692.335,99
<b>Sum avsetninger</b>	<b>19.602.334,00</b>	<b>16.395.687,46</b>	<b>14.391.500,00</b>	<b>21.136.936,67</b>
<b>Regnskapsmessig mer/mindreforbruk</b>	<b>6.805.462,42</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>-2.004.187,46</b>

9

3



# Økonomisk oversikt - investering

1 LÆRDAL KOMMUNE - 2019

06.03.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Inntekter</b>				
Salg av driftsmidler og fast eiendom	99.540,00	1.000.000,00	2.100.000,00	2.277.574,66
Andre salgsinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
Overføringer med krav til motytelse	2.876.015,00	2.350.000,00	2.350.000,00	19.252.010,00
Kompensasjon for merverdiavgift	2.320.748,74	3.550.812,00	8.775.000,00	8.206.513,67
Statlige overføringer	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre overføringer	346.000,00	0,00	0,00	292.000,00
Renteinntekter og utbytte	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum inntekter</b>	<b>5.642.303,74</b>	<b>6.900.812,00</b>	<b>13.225.000,00</b>	<b>30.028.098,33</b>
<b>Utgifter</b>				
Lønnsutgifter	742.590,85	0,00	0,00	804.977,55
Sosiale utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	17.919.658,12	24.254.060,00	68.175.000,00	61.453.376,17
Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	0,00	0,00	0,00	10.000,00
Overføringer	2.320.748,74	0,00	0,00	8.206.513,67
Renteutgifter og omkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Fordelte utgifter	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum utgifter</b>	<b>20.982.997,71</b>	<b>24.254.060,00</b>	<b>68.175.000,00</b>	<b>70.474.867,39</b>
<b>Finansransaksjoner</b>				
Avdrag på lån	1.425.916,00	0,00	0,00	1.242.616,00
Utlån	2.630.200,00	0,00	0,00	1.441.500,00
Kjøp av aksjer og andeler	813.609,00	813.609,00	772.100,00	936.469,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	5.270.842,50
Avsatt til ubundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til bundne investeringsfond	26.930.000,00	0,00	0,00	183,91
<b>Sum finansieringstransaksjoner</b>	<b>31.799.725,00</b>	<b>813.609,00</b>	<b>772.100,00</b>	<b>8.891.611,41</b>
<b>Finansieringsbehov</b>	<b>47.140.418,97</b>	<b>18.166.857,00</b>	<b>55.722.100,00</b>	<b>49.338.380,47</b>
<b>Dekket slik:</b>				
Bruk av lån	13.132.708,64	16.866.857,00	54.422.100,00	48.095.580,56
Salg av aksjer og andeler	26.480.000,00	0,00	0,00	0,00
Mottatte avdrag på utlån	853.263,06	0,00	0,00	1.242.799,91
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne driftsfond	1.509.325,29	1.300.000,00	1.300.000,00	0,00
Bruk av ubundne investeringsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av bundne investeringsfond	5.165.121,98	0,00	0,00	0,00
<b>Sum finansiering</b>	<b>47.140.418,97</b>	<b>18.166.857,00</b>	<b>55.722.100,00</b>	<b>49.338.380,47</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

	Regnskap 2019	Budsjett etter endringer 2019	Opphavelag budsjett 2019	Rekneskap 2018
<b>Rekneskapsskjema 1A - drift</b>				
Skatt på inntekt og formue	61 259 310	✓ 58 295 000	58 295 000	61 515 062
Ordinært rammetilskudd	71 673 000	✓ 71 964 000	71 964 000	68 117 000
Skatt på eiendom	11 845 111	✓ 13 000 000	13 000 000	17 107 971
Andre direkte eller indirekte skatter	21 769 380	✓ 21 002 000	21 002 000	20 692 681
Andre generelle statstilskudd	9 021 589	3 990 600	3 990 600	10 416 803
<b>Sum frie disponible inntekter</b>	<b>175 568 390</b>	<b>168 251 600</b>	<b>168 251 600</b>	<b>177 849 517</b>
Renteinntekter og utbytte	6 104 384	7 050 000	7 050 000	828 930
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-			-
Renteutg., provisjoner og andre fin.utg.	6 924 029	6 100 000	6 100 000	5 765 169
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	-			-
Avdrag på lån	13 889 294	12 000 000	12 000 000	11 665 554
Mottekne avdrag	50 198	100 000	100 000	46 933
<b>Netto finansinnt./utg.</b>	<b>-14 658 741</b>	<b>-10 950 000</b>	<b>-10 950 000</b>	<b>-16 554 860</b>
Til dekning av tidligere regnsk.m. merforbruk		-	-	444 601
Til ubundne avsetninger	3 234 400	3 234 400	3 234 400	-
Til bundne avsetninger	10 509 142	10 966 600	10 966 600	16 775 431
Bruk av tidligere regnks.m. mindreforbruk				-
Bruk av ubundne avsetninger				1 022 101
Bruk av bundne avsetninger				485 836
<b>Netto avsetninger</b>	<b>13 743 542</b>	<b>14 201 000</b>	<b>14 201 000</b>	<b>-15 712 095</b>
Overført til investeringsbudsjettet	-	-	-	-
<b>Til fordeling drift</b>	<b>147 166 107,00</b>	<b>143 100 600,00</b>	<b>143 100 600,00</b>	<b>145 582 562</b>
<b>Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)</b>	<b>140 360 645</b>	<b>143 100 600</b>	<b>143 100 600</b>	<b>147 586 749</b>
Meirforbruk		-	-	-2 004 187
Mindreforbruk	6 805 462			



Skjema 1 B fordelt til drift		Rekneskap 2019	Endra budsjett 2019	Opphavelag budsjett 2019	Rekneskap 2018
100	Folkevalde organ	3 589 235	3 192 636	3 172 000	2 999 045
110	Rådmann	2 417 636	2 654 713	2 620 000	14 233 476
111	Kyrkja og andre trussamfunn	2 904 107	2 820 000	2 800 000	2 620 624
112	Diverse funksjonar	-1 033	-	-	765 744
113	Stab/støtte	12 565 636	12 981 764	12 860 600	
114	Plan og forvaltning	-1 026 379	1 778 468	1 751 500	
115	Eigedomsforvaltning	-882 827	-1 311 077	-1 323 500	
116	Landbruk	1 651 270	1 690 656	1 661 900	
120	Borgund oppvekstsenter	6 167 087	6 099 377	6 022 000	
123	Lærdalsøyri barnehage	10 521 126	11 510 594	11 335 000	
129	Oppvekst Lærdal	22 363 949	22 268 553	21 980 000	38 595 158
130	Bu- og miljøteneste	14 327 548	15 249 723	15 028 700	4 646 967
131	Helse	6 599 152	6 196 495	6 081 500	8 567 042
132	NAV kommune	3 610 197	3 455 829	3 430 000	3 868 324
133	Pleie og omsorg	37 007 305	35 187 900	34 698 400	50 142 026
134	Barnevern	4 689 430	5 131 519	5 119 600	5 143 366
135	Flyktningtenesta	-	79 896		
136	Sogn LMS	3 771 211	3 737 111	3 570 300	3 052 330
137	Matforsyning	2 372 932	3 568 841	3 528 900	
151	Kultur og formidling	4 342 360	4 396 122	4 324 000	4 563 051
162	Teknisk drift	15 839 373	15 111 480	14 939 700	16 137 742
183	Pensjon ufordelt	-403 758			-727 518
180	Kjøp og sal av konsesjonskraft	-14 117 671	-12 700 000	-12 700 000	-7 020 628
176	Lønsreguleringsfond	-		2 200 000	-
	<b>Sum driftseiningane</b>	<b>140 360 644</b>	<b>143 100 600</b>	<b>143 100 600</b>	<b>147 586 749</b>
	<b>Sum</b>	<b>140 360 644</b>	<b>143 100 600</b>	<b>143 100 600</b>	<b>147 586 749</b>
	<b>Sum til fordeling</b>	<b>140 360 644</b>	<b>143 100 600</b>	<b>143 100 600</b>	<b>147 586 749</b>
	Fordelt til drift (frå skjema 1 A)	147 166 106	143 100 600	143 100 600	145 582 562
	<b>Rekneskapsmessig mindreforbruk</b>	<b>6 805 462</b>			
	<b>Rekneskapsmessig meirforbruk</b>		-	-	<b>2 004 187</b>



## 1 LÆRDAL KOMMUNE - 2019

06.03.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Regnskapsskjema 2A - investering</b>				
Investeringer i anleggsmidler	20.982.997,71	24.254.060,00	68.175.000,00	70.474.867,39
Utlån og forskutteringer	2.630.200,00	0,00	0,00	1.441.500,00
Kjøp av aksjer og andeler	813.609,00	813.609,00	772.100,00	936.469,00
Avdrag på lån	1.425.916,00	0,00	0,00	1.242.616,00
Dekning av tidligere års udekket	0,00	0,00	0,00	5.270.842,50
Avsetninger	26.930.000,00	0,00	0,00	183,91
<b>Årets finansieringsbehov</b>	<b>52.782.722,71</b>	<b>25.067.669,00</b>	<b>68.947.100,00</b>	<b>79.366.478,80</b>
<b>Finansiert slik:</b>				
Bruk av lånemidler	13.132.708,64	16.866.857,00	54.422.100,00	48.095.580,56
Inntekter fra salg av anleggsmidler	26.579.540,00	1.000.000,00	2.100.000,00	2.277.574,66
Tilskudd til investeringer	346.000,00	0,00	0,00	292.000,00
Kompensasjon for merverdiavgift	2.320.748,74	3.550.812,00	8.775.000,00	8.206.513,67
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	3.729.278,06	2.350.000,00	2.350.000,00	20.494.809,91
Andre inntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum ekstern finansiering</b>	<b>46.108.275,44</b>	<b>23.767.669,00</b>	<b>67.647.100,00</b>	<b>79.366.478,80</b>
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av tidligere års udisponert	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	6.674.447,27	1.300.000,00	1.300.000,00	0,00
<b>Sum finansiering</b>	<b>52.782.722,71</b>	<b>25.067.669,00</b>	<b>68.947.100,00</b>	<b>79.366.478,80</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>

Prosjektrekneskap 2019 (skjema 2B)		Rekneskap 2019	Endra budsjett 2019	Opphavelg budsjett 2019
81512	DAGSTURHYTTE	61 207	61 207	-
90001	Lokal IKT Plattform (2019)	307 904	300 000	450 000
90002	Oppvekst IKT (2019)	305 035	400 000	400 000
90003	Elev PC (2019)	602 987	600 000	600 000
90004	Gerica Mobil plattform (2019)	109 428	110 000	150 000
90005	Ny Visma modul (2019)	37 883	-	100 000
90006	Nettverks utstyr (2019)	160 114	161 000	150 000
90007	Acoss Oppgradering (2019)	76 519	100 000	200 000
90008	Flaumsikring Lærdalsøyri (2019)	-	-	500 000
90009	Utleigebustadar NAV (2019)	3 359 775	3 500 000	3 500 000
90010	Omsorgsbustadar LBO (2019)	1 332 051	2 000 000	6 000 000
90011	Varmepumpe/fjernvarme (2019)	1 268 344	1 230 000	5 600 000
90012	Oppgradering Kommunale bruer (2019)	-	-	1 250 000
90013	Lager/personalfunksjonar Bergo (2019)	1 629 250	1 625 000	1 625 000
90014	Trafikktryggleik Snuplass buss Saltkjelen (2019)	220 328	235 000	700 000
90015	Trafikkplan Oppvekst Lærdalsøyri (2019)	719 770	300 000	750 000
90016	Trafikktryggleik Skuleveg (2019)	565 048	500 000	500 000
90017	Næringsområde Håbakken 1 (2019)	5 416 588	4 400 000	15 000 000
90018	Arealeffektivisering Lærdal rådhus (2019)	431 853	431 853	300 000
90019	Saltkjelen Bustadfelt (2019)	171 284	200 000	500 000
90020	Bustadtomter Lærdalsøyri (2019)	76 227	300 000	500 000
90021	Opprusting kultursal (2019)	-	-	800 000
90022	HMS Brann (2019)	148 479	-	3 000 000
90023	Mindre investeringar (2019)	1 273 941	1 300 000	1 300 000
90024	Hovudplan Avløp (2019)	509 250	3 100 000	10 000 000
90025	Lager/personalfunksjonar Bergo (2019)	-	-	1 300 000
90026	Hovudplan vassforsyning (2019)	1 994 831	3 000 000	13 000 000
91629	Tomt Ofta Vest	204 904	-	-
91630	Lyssetting Lærdalsøyri	-	400 000	-
	TOTALT	20 983 000	24 254 060	68 175 000





# Oversikt - balanse

1 LÆRDAL KOMMUNE - 2019

06.04.2020

	Regnskap 2019	Regnskap 2018
<b>EIENDELER</b>		
<b>Anleggsmidler</b>	<b>807.213.298,84</b>	<b>798.843.274,12</b>
Herav:		
Faste eiendommer og anlegg	443.045.566,78	439.307.732,00
Utstyr, maskiner og transportmidler	11.271.470,73	11.286.442,73
Utlån	18.568.062,33	16.789.779,39
Konserninterne langsiktige fordringer	0,00	0,00
Aksjer og andeler	9.269.153,00	19.068.284,00
Pensjonsmidler	325.059.046,00	312.391.036,00
<b>Omløpsmidler</b>	<b>118.558.060,68</b>	<b>118.125.675,08</b>
Herav:		
Kortsiktige fordringer	20.047.632,64	30.273.549,30
Konserninterne kortsiktige fordringer	0,00	0,00
Premieavvik	20.890.630,25	17.777.897,36
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Derivater	0,00	0,00
Kasse, postgiro, bankinnskudd	77.619.797,79	70.074.228,42
<b>SUM EIENDELER</b>	<b>925.771.359,52</b>	<b>916.968.949,20</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>	<b>189.708.157,39</b>	<b>179.939.538,16</b>
Herav:		
Disposisjonsfond	4.673.609,06	3.836.585,91
Bundne driftsfond	20.267.623,08	35.114.462,03
Ubundne investeringsfond	0,00	0,00
Bundne investeringsfond	24.891.898,61	3.336.345,88
Regnskapsmessig mindreforbruk	6.805.462,42	0,00
Regnskapsmessig merforbruk	0,00	-2.004.187,46
Udisponert i inv.regnskap	0,00	0,00
Udekket i inv.regnskap	0,00	0,00
Kapitalkonto	132.061.596,74	138.648.364,32
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift)	5.296.253,48	5.296.253,48
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves)	-4.288.286,00	-4.288.286,00
<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>682.109.730,49</b>	<b>680.285.646,83</b>
Herav:		
Pensjonsforpliktelser	370.500.348,49	353.361.014,83
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	311.609.382,00	326.924.632,00
Konsernintern langsiktig gjeld	0,00	0,00
<b>Kortsiktig gjeld</b>	<b>53.953.471,64</b>	<b>56.743.764,21</b>
Herav:		
Kassekredittlån	0,00	0,00
